



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret

Møtedato: 23.04.2009

Møtetid: 16:00 -

Møtestad: Kommunehuset

Av 21 medlemmer møtte 21, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemene møtte ikkje:	I staden møtte:
Liv Berit Befring (Ap) Gunnar Bruvik (Frp)	Ole Totland (Ap) Tyra Pedersen (Frp)

Andre som var til stades på møtet: Adm.sjef Ramsli, Ass.adm.sjef Våge og økonomisjef Erdal under heile møtet.

Revisor Hauge var tilstades under handsaminga av sak 15/09.

Tom Arild Rysjedal frå helse og sosialeininga var til stades under handsaminga av sak 19/09

Merknader:

Dokument utlevert i møtet:	Statusrapport Ytre Tysse, datert 23.04.09. Status Skulebruksplanarbeid april 09 Grunngjeve spørsmål frå M.L.Pedersen og svar frå Ordførar vedk. Radonforekomst i Samnanger.
Orienteringar/meldingar:	Økonomisjef Erdal informerte om budsjettforbruket 2009 fram til 1. april. NAV-v/Abotnes orienterte om arbeidsløysa i Samnanger.
Utvalet sitt kvarter:	<u>Olaug Øystese</u> bad at kommunestyret får ein oversikt over status for verdibrev i Samnanger. Det er ønskje om å få ein oversikt over om dei som har fått utbetalt verdibrev framleis bur i kommunen, kor mange som totalt har fått utbetalt og kor mange som "ligg att" og evt. andre opplysningar som kan vera interessant i denne saka. <u>Sture Tveit:</u> Ved søknad om evt. støtte til Fotball EM i Bergen ønskjer repr. at denne vert handsama seriøst.
Spørsmål/interpellasjonar:	<u>Frå Frp v/Marion Langhelle Pedersen:</u> Grunngjeve spørsmål - Radon. Med tanke på våre barn/ungdommar sin helse og innemiljø vil eg stille følgjande spørsmål:

	<ol style="list-style-type: none"> 1. Er der føreteke radongass målingar i kommunen sine barnehagar /skular? 2. Om der er, kva viste dei ? 3. Om ikkje der er målingar å vise til, når vil dei verte gjennomført, og når vil resultatata føreligge og kva tiltak vil verte iverksett? 4. Øvrige kommunale bygg og sjukeheim er og viktige. <p><u>Svar frå ordførar, datert 22.04.09 v/John Inge Sandvik:</u> Radon – Gjerde skule/Dråpeslottet barnehage. I samband ned planlegging av ny skule på Gjerde vert det foretekne målingar i området. Dette vart gjort i husa som er plassert rundt området, også bak det barnehagen no er plassert. Resultatet av målinga var lav, betydeleg under 200Bq/m3 som er tiltaksgrense. Barnehagane. Det er føreteke målingar i Norbygda og tidlegare Gjerde barnehage som også viste lave verdiar, langt under krav for tiltak. I diskusjonen vart det informert om kjennskap til at ein innbyggjar hadde målt for sin eigedom og målingane viste høg forekomst som gjorde at det var naudsynt med tiltak.</p>
--	---

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 04.05.2009.

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saknr.	Arkivsak	Sakstittel
011/09	09/64	Godkjenning av innkalling og sakliste
012/09	09/65	Godkjenning av møtebok frå førre møte
013/09	09/66	Val av repr. for underskriving av protokoll
014/09	09/67	Delegerte vedtak / referatsaker
015/09	09/25	Kommunerekneskapen 2008.
016/09	09/52	Årsmelding for 2008 for kontrollutvalet
017/09	09/23	Årsmelding 2008.
018/09	09/7	Framtidig legevakt i Samnanger - Val av organisering og finansiering
019/09	09/62	Busetjing av flyktningar i 2009-2011.
020/09	09/17	Fleirbrukshall i Samnanger - oppfølging av kulturplanen og oppretting av plankomite
021/09	09/35	Bergen Arkitektforening sin paviljong
022/09	09/54	Betalingsreglement kommunale barnehagar.
023/09	09/48	Kommunal garanti M.S Midthordland

Saknr. 011/09

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.

23.04.2009 Kommunestyret

Handsaming i møtet:

Tilleggssak 023/09 vert sett på saklista.

Bright Olav Gåsdal sakna "utvalet sitt kvarter" på saklista. Ordføraren orienterte om at "kvarteret" ved overgang til nytt sakshandsamarsystem hadde falle ut av saklista og at administrasjonen rettar opp dette.

KS-011/09 Vedtak:

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent med tilleggssak 24/09.

Saknr. 012/09

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ FØRRE MØTE

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Møteboka frå førre møte vert godkjent.

23.04.2009 Kommunestyret

KS-012/09 Vedtak: Møteboka frå førre møte vert godkjent.

Saknr. 013/09

VAL AV REPR. FOR UNDERSKRIVING AV PROTOKOLL

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå administrasjonssjefen.

23.04.2009 Kommunestyret

Handsaming i møtet: Ordføraren gjorde framlegg på Sture Tveit, Helga Nygård og Marit Aase.

KS-013/09 Vedtak:

Sture Tveit, Helga Nygård og Marit Aase

Saknr. 014/09

DELEGERTE VEDTAK / REFERATSAKER

Notat frå administrasjonssjefen om skatteutviklinga i kommunen var sendt ut saman med innkallinga. Grunnlaget for notatet er kommunestyret sitt vedtak om at administrasjonen skulle førebu sak til kommunestyret i april med budsjettjustering som følgje av forventa mindreinntekter frå skatt. PØ har drøfta saka, og det er konkludert med at sak om dette først vert lagt fram for kommunestyret i juni.

Sture Tveit viste til at kommunestyret i sist møte fatta vedtak om å få seg førelagd ei sak til møtet i april om budsjettendring som følgje av forventa låg skatteinngang. Han stilte spørsmål ved om personal- og økonomiutvalet hadde fullmakt til å sjå bort frå dette vedtaket.

Ordføraren og administrasjonssjefen orienterte om situasjonen som låg til grunn for at det ikkje vart fremja sak om dette no. Det vart vist til utsendte notat som forklarte situasjonen. I notatet er det vist til at sak kunne fremjast for kommunestyret dersom kommunestyret fortsett ønskte det. I så fall måtte spørsmålet reisast ved godkjenning av sakslista.

Ordføraren orienterte om at det er sett opp Rådsmøte for Bergensregionen 18. juni som det er viktig at ordførar og administrasjonssjef møter på. Kommunestyret vart bedt om å ta stilling til om det var mogleg å flytta møtet til den 17. juni, noko som kommunestyret slutta seg til. Dette møtet vert eit dagmøte.

KS-014/09 Vedtak:

Kommunestyremøtet den 18 juni vert flytta fram til 17 juni, og vert dagmøte.

Saknr. 015/09

KOMMUNEREKNESKAPEN 2008.

14.04.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet: Fellesframlegg v/Marit Aase (Krf): ” Samnanger kommune godkjenner kommunerekneskapen for 2008 og revisjonsmeldinga slik den ligg føre.

Overskotet i rekneskapen er sett til kr. 2.476.867,-. Kommunestyret vil i junimøtet gjera vedtak om disposisjon av overskotet. ”

Framlegget vart samrøystes vedteke.

PØ-017/09 Vedtak: Samnanger kommune godkjenner kommunerekneskapen for 2008 og revisjonsmeldinga slik den ligg føre.

Overskotet i rekneskapen er sett til kr. 2.476.867,-. Kommunestyret vil i junimøtet gjera vedtak om disposisjon av overskotet.

23.04.2009 Kommunestyret

Handsaming i møtet:

Kommunestyret slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

KS-015/09 Vedtak: Samnanger kommune godkjenner kommunerekneskapen for 2008 og revisjonsmeldinga slik den ligg føre.

Overskotet i rekneskapen er sett til kr. 2.476.867,-. Kommunestyret vil i junimøtet gjera vedtak om disposisjon av overskotet.

Saknr. 016/09

ÅRSMELDING FOR 2008 FOR KONTROLLUTVALET

23.04.2009 Kommunestyret

Handsaming i møtet:

Kommunestyret fatta eit samrøystes vedtak.

KS-016/09 Vedtak:

Kommunestyret tek Årsmelding for 2008 frå kontrollutvalet til orientering.

Saknr. 017/09
ÅRSMELDING 2008.

14.04.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet: Utvalet gjekk igjennom Årsmelding 2008.

PØ-019/09 Vedtak: Kommunestyret tek Årsmelding 2008 for Samnanger kommune til orientering.

23.04.2009 Kommunestyret

Handsaming i møtet:
Kommunestyret slutta seg samrøystes til vedtaket i PØ.

KS-017/09 Vedtak:
Kommunestyret tek Årsmelding 2008 for Samnanger kommune til orientering.

Saknr. 018/09
FRAMTIDIG LEGEVAKT I SAMNANGER - VAL AV ORGANISERING OG
FINANSIERING

14.04.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet: Marit Aase (Krf) sette fram følgjande fellesframlegg:” Med bakgrunn i framkomne opplysningar og kostnadsoppsett i tabellen i saksutgreiinga inngår Samnanger kommune samarbeidsavtale om felles legevakt stasjonert i Os.
Det vert innført First Responder ordning. Ordninga vert starta opp i juni månad 2009.
Legevaktsamarbeid og First Responder ordninga skal evaluerast innan 01.09.2011.
Meirkostnaden for 2009 på kr. 1 million skal takst frå disposisjonsfondet.
Det vert utarbeidd ein risiko-/sårbarheitsanalyse for Eikedalen skisenter”

Det vart røysta over fellesframlegget som vart samrøystes vedteke.

PØ-018/09 Vedtak:
Med bakgrunn i framkomne opplysningar og kostnadsoppsett i tabellen i saksutgreiinga inngår Samnanger kommune samarbeidsavtale om felles legevakt stasjonert i Os.

Det vert innført First Responder ordning. Ordninga vert starta opp i juni månad 2009. Legevaktsamarbeid og First Responder ordninga skal evaluerast innan 01.09.2011. Meirkostnaden for 2009 på kr. 1 million skal takst frå disposisjonsfondet. Det vert utarbeidd ein risiko-/sårbarheitsanalyse for Eikedalen skisenter.

23.04.2009 Kommunestyret

Handsaming i møtet: **Ole Totland (Ap)** sette fram følgjande framlegg: ” Det blir gjort framlegg til Statens vegvesen om at veg til Os blir oppgradert til høgare standard for vintervedlikehald etter at Samnanger skal ha samarbeid om legevakt med Os”

Inge Aasgaard (Krf) bad om gruppemøte og møtet vart mellombels heva. Møtet vart opna og debatten held fram.

Kristian Jørgensen (Krf) sette fram følgjande framlegg: ”Framlegg frå PØ-018/09 blir vedtatt slik det ligg føre. Med unntak frå First Responder ordninga som går ut.”

Brigt Olav Gåsdal ba om at framlegget frå PØ vart røysta punktvis. **Jørgensen** trekte sitt framlegg.

Votering.

Punkt 1 er likelydande med framlegget frå PØ med unntak av andre og tredje setning som vert punkt 2.

Det vart først gjennomført prøverøysting;

Punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Punkt 2 fekk 17 røyster, 4 røysta imot

Framlegget frå Totland vart samrøystes vedteke.

Det vart endeleg røysting;

Punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Punkt 2 fekk 17 røyster, 4 røysta imot

Framlegget frå Totland vart samrøystes vedteke.

KS-018/09 Vedtak:

Med bakgrunn i framkomne opplysningar og kostnadsoppsett i tabellen i saksutgreiinga inngår Samnanger kommune samarbeidsavtale om felles legevakt stasjonert i Os.

Legevaktsamarbeid skal evaluerast innan 01.09.2011. Meirkostnaden for 2009 på kr. 1 million skal takst frå disposisjonsfondet.

Det vert utarbeidd ein risiko-/sårbarheitsanalyse for Eikedalen skisenter.

Det blir gjort framlegg til Statens vegvesen om at veg til Os blir oppgradert til høgare standard for vintervedlikehald etter at Samnanger skal ha samarbeid om legevakt med Os.

Saknr. 019/09
BUSETJING AV FLYKTNINGAR I 2009-2011.

31.03.2009 Oppvekst og omsorg

Fellesframlegg: ”Samnanger kommune tar i mot om lag 12 flyktningar, fortrinnsvis familiar. Ein føreset at tilskota dekkjer kommunen sine utgifter Ein skal starta arbeidet med å finna område for eventuelle hus og bustadfinansiering i Husbanken, i samarbeid med IMDI ”

Det vart røysta over framlegget, som vart samrøystes vedteke.

OO-007/09 Vedtak:

Samnanger kommune tar i mot om lag 12 flyktningar, fortrinnsvis familiar. Ein føreset at tilskota dekkjer kommunen sine utgifter Ein skal starta arbeidet med å finna område for eventuelle hus og bustadfinansiering i Husbanken, i samarbeid med IMDI.

23.04.2009 Kommunestyret

Handsaming i møtet:

Sigmund Dyrhovden (Krf) sette fram følgjande tilleggsframlegg: ”OO får i oppdrag å utarbeida ein oppfølgjingsplan for dei flyktningane som Samnanger mottek.”

Marion L. Pedersen (Frp) ba om gruppemøte. Møtet vart mellombels heva.

Møtet vart opna.

Det vart først røysta over framlegget frå OO som var vedteke med 18 mot 3 røyster.

Til slutt vart det røysta over tilleggsframlegget frå Dyrhovden som vart vedteke med 18 mot 3 røyster.

KS-019/09 Vedtak:

Samnanger kommune tar i mot om lag 12 flyktningar, fortrinnsvis familiar. Ein føreset at tilskota dekkjer kommunen sine utgifter Ein skal starta arbeidet med å finna område for eventuelle hus og bustadfinansiering i Husbanken, i samarbeid med IMDI.

Oppvekst og omsorg får i oppdrag å utarbeida ein oppfølgjingsplan for dei flyktningane som Samnanger mottek.

Saknr. 020/09

Fleirbrukshall i Samnanger - oppfølging av kulturplanen og oppretting av plankomite

14.04.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet: Marit Aase (Krf) sette fram følgjande fellesframlegg:

”Det vert oppnemnd ein plankomitee for fleirbrukshall i Samnanger:

PLANKOMITEEN FOR FLEIRBRUKSHALL		
Plangruppe repr.	Organisasjon	Medlemmer
Repr. Byggherre	Samnanger kommune	Hovudansvarleg for kultur-/skuleområdet – Hilde-Lill Våge Kulturkonsulent – Johannes Tysseland; Sekretær i plangr Teknisk leiar – Ivar Erstad; Leiar i plangruppa.
Repr. Idrettslaget	Samnanger idrettslag	Nils Aadland Roger Lemme
Politiske repr. -ansvar for idrett og fritid	Oppvekst og omsorg (aktivitetsansvar) Naturutvalet (anleggsansvar)	Kristian Jørgensen – repr. Adhoc skulebruksplan Bjørn Sævild - repr. Adhoc steingruppa
<i>Repr. Frå andre brukargruppe</i>	<i>Høyringsinstans</i>	<i>Td UR/barnas repr./råd nedsett funksjonsevne/næringsforum/ect. vert invitert til plangruppa etter behov.</i>

Plankomiteen kjem tilbake til PØ-utvalet/styringsgruppa med framlegg til framdriftsplan til møtet 04.06.09”

PØ-020/09 Vedtak: Det vert oppnemnd ein plankomite for fleirbrukshall i Samnanger:

PLANKOMITEEN FOR FLEIRBRUKSHALL		
Plangruppe repr.	Organisasjon	Medlemmer
Repr. Byggherre	Samnanger kommune	Hovudansvarleg for kultur-/skuleområdet – Hilde-Lill Våge Kulturkonsulent – Johannes Tysseland; Sekretær i plangr Teknisk leiar – Ivar Erstad; Leiar i plangruppa.
Repr. Idrettslaget	Samnanger idrettslag	Nils Aadland Roger Lemme
Politiske repr. -ansvar for idrett og fritid	Oppvekst og omsorg (aktivitetsansvar) Naturutvalet (anleggsansvar)	Kristian Jørgensen – repr. Adhoc skulebruksplan Bjørn Sævild - repr. Adhoc steingruppa
<i>Repr. Frå andre brukargruppe</i>	<i>Høyringsinstans</i>	<i>Td UR/barnas repr./råd nedsett funksjonsevne/næringsforum/ect. vert invitert til plangruppa etter behov.</i>

Plankomiteen kjem tilbake til PØ-utvalet/styringsgruppa med framlegg til framdriftsplan til møtet 04.06.09.

23.04.2009 Kommunestyret

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

KS-020/09 Vedtak:

Det vert oppnemnd ein plankomite for fleirbrukshall i Samnanger:

PLANKOMITEEN FOR FLEIRBRUKSHALL		
Plangruppe repr.	Organisasjon	Medlemmer

Repr. Byggherre	Samnanger kommune	Hovudansvarleg for kultur-/skuleområdet – Hilde-Lill Våge Kulturkonsulent – Johannes Tysseland; Sekretær i plangr Teknisk leiar – Ivar Erstad; Leiar i plangruppa.
Repr. Idrettslaget	Samnanger idrettslag	Nils Aadland Roger Lemme
Politiske repr. -ansvar for idrett og fritid	Oppvekst og omsorg (aktivitetsansvar) Naturutvalet (anleggsansvar)	Kristian Jørgensen – repr. Adhoc skulebruksplan Bjørn Sævild - repr. Adhoc steingruppa
<i>Repr. Frå andre brukargruppe</i>	<i>Høyringsinstans</i>	<i>Td UR/barnas repr./råd nedsett funksjonsevne/næringsforum/ect. vert invitert til plangruppa etter behov.</i>

Plankomiteen kjem tilbake til PØ-utvalet/styringsgruppa med framlegg til framdriftsplan til møtet 04.06.09.

Saknr. 021/09
BERGEN ARKITEKTFORENING SIN PAVILJONG

14.04.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet: Marit Aase (Krf) sette fram følgjande framlegg:” Paviljongen vert plassert på kommunal tomt på Bjørkheim.

Kostnadsoverslag og forslag til finansiering vert lagt fram i kommunestyret.”

Det vart røysta over framlegget som vart samrøystes vedteke.

PØ-023/09 Vedtak: Paviljongen vert plassert på kommunal tomt på Bjørkheim.

Kostnadsoverslag og forslag til finansiering vert lagt fram i kommunestyret.

23.04.2009 Kommunestyret

Handsaming i møtet: Kostnadsoverslag for plasseringa av paviljongen på Bjørkheim vart delt ut i møtet.

Sigmund Dyrhovden (Krf) sette fram følgjande tilleggsframlegg:” Det vert løyvd inntil kr. 300.000 av disposisjonsfondet til finansiering av paviljongen. ”

Det vart røysta over framlegget frå PØ som vart vedteke med 19 røyster mot 2.

KS-021/09 Vedtak:

Paviljongen vert plassert på kommunal tomt på Bjørkheim.

Kostnadsoverslag og forslag til finansiering vert lagt fram i kommunestyret. Det vert løyvd inntil kr. 300.000 av disposisjonsfondet til finansiering av paviljongen.

Saknr. 022/09

BETALINGSREGLEMENT KOMMUNALE BARNEHAGAR.

23.04.2009 Kommunestyret

Handsaming i møtet:

Marit Aase (Krf) sette fram framlegg om likelydande tabell som i saksutgreiinga.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KS-022/09 Vedtak:

Dei nye satsane som no vert lagt til grunn vert justert i tråd med lov og forskrift og bør gjelda frå nytt barnehageår, 01.08.2009.

FORELDREBETALING – OPPHALD I BARNEHAGAR I SAMNANGER				
Fulltid 41 timar for veka eller meir – 5 dagarstilbod				
	Graderingsnivå 1 Inntekt til og med kr 150 000*	Graderingsnivå 2 Inntekt under kr 235 000	Graderingsnivå 3 Inntekt frå og med kr 235 000	Tillegg for Mat/tur/fe st
1. barn	777	2 071	2 330	187
2. barn (30 %)	777	1 450	1 631	187
3. barn (50 %)	777	1 036	1 165	187
4-dagarstilbod – 33-40 timar for veka				
1. barn	615	1659	1864	167
2. barn (30 %)	615	1161	1305	167
3. barn (50 %)	615	829	932	167
3-dagarstilbod – 25-32 timar for veka				
1. barn	461	1244	1398	128
2. barn (30 %)	461	871	979	128
3. barn (50 %)	461	622	699	128
2-dagarstilbod – 17-24 timar for veka				
1. barn	297	801	900	87
2. barn (30 %)	297	561	630	87
3. barn (50 %)	297	401	450	87
Sal av einsskilde dagar i barnehagane kr. 205,- inkl. mat, kan ikkje kombinerast med søskenrabatt. For sein henting kr. 366,-. Det vert gjeve 15% for kvart søsken i kommunal og privat barnehage.				

Saknr. 023/09
KOMMUNAL GARANTI M.S MIDTHORDLAND

14.04.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

PØ-025/09 Vedtak: Samnanger kommune garanterer for kr 100.000 av lån som Midthordlandske Damskipsselskap a.s tek opp til kjøp av M.S. Midthordland. Garantien vert gitt som simpel kausjon.

Garantien gjeld i 10 år frå lånet vert teke opp og vert redusert med 10.000 kroner pr. år.
Garantien gjeld ikkje lenger enn til 2019.

23.04.2009 Kommunestyret

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

KS-023/09 Vedtak:

Samnanger kommune garanterer for kr 100.000 av lån som Midthordlandske Damskipsselskap a.s tek opp til kjøp av M.S. Midthordland. Garantien vert gitt som simpel kausjon.

Garantien gjeld i 10 år frå lånet vert teke opp og vert redusert med 10.000 kroner pr. år.
Garantien gjeld ikkje lenger enn til 2019.

